



Inge Hermann Rydland
Knapstadveien 18
1823 KNAPSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15071 - 20/60701

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
28.09.2020

Førebels svar på førespurnad om oppretting av ny bustadtomt - gbnr 173/3 Rydland

Vi viser til førespurnad frå deg om oppretting av ny grunneigedom til bustadføremål på gbnr 173/3.

Det aktuelle arealet er omfatta av reguleringsplanen for Solbakken der arealet er avsett til friområde med underføremål leikeareal. Det er administrasjonen si klare vurdering at å endra arealføremålet frå friområde til bustadføremål er ei betydeleg endring av planen som ikkje kan behandlast som ei dispensasjonssak. Å gje dispensasjon i dette tilfelle vil få verknad for heile det regulerte området då dei føresetnadane som låg til grunn for den godkjende reguleringsplanen vert endra.

Frådeling av arealet til bustadføremål må gjerast ved endring av planen der behovet for leikeareal vert oppfylt t.d. ved endring eller utviding av det regulerte området.

Kommunen har ved denne tilbakemeldinga ikkje tatt stilling til om ei endring av planen er ønskeleg eller mogleg å gjennomføra. Dersom du ønskjer å starta arbeidet med endring av reguleringsplanen kan du ta kontakt med Lennart Falkenberg-Arell som er rådgjevar på planforvaltning. Han vil gje rettleiing i forhold til prosessen vidare. Du kan ta kontakt med han på kommunen sitt telefonnummer 56 37 50 00.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inge Hermann Rydland

Knapstadveien 18

1823

KNAPSTAD

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Mottakarar:

Inge Hermann Rydland

Knapstadveien 18

1823

KNAPSTAD